



Bjørn og Mona Brekkan

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1654 - 15/15263

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

30.12.2015

## Radøy kommune sitt kulturminnefond 2015 - avslag på søknad

Midlar frå Radøy kommune sitt kulturminnefond skal nyttast til å ta vare på verdifulle og verneverdige kulturminne i kommunen. Det er avkastninga på fondet som kan nyttast, og denne er for 2015 stipulert til å verta 33 000 kroner. Formannskapet i Radøy fordelte i sak 106/2015 i møte 17. desember 2015 desse midlane slik:

*«Arne Marås får 23 000 kroner i tilskot til restaurering av kvernhuset på Marås.*

*Jan Erik Ottesen får 10 000 kroner i tilskot til restaurering av brygga ved lensmannshuset i Mangersvågen. Det er eit vilkår for tilskotet at alternativ B i planane vert følgd, og at Radøy kommune får høve til å følgja arbeidet.»*

### Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentlig forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf § 28-36. Klagefristen er tre veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar kultur

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

**Vedlegg:**

Kulturminnefondet 2015 - fordeling av midlar  
Statuttar for Radøy kommune sitt kulturminnefond

**Mottakarar:**

Bjørn og Mona Brekkan  
Solveig Sævdal